

V-sak US 78/19 Språkpolitiske retningslinjer for UiS

Saksnr.: 19/08402-1	Saksansvarlig: Rune Dahl Fitjar, <i>prorektor for innovasjon og samfunn</i>
Møtedag: 24.09.2019	Informasjonsansvarlig: Anne Selnes, <i>direktør for kommunikasjon og samfunnskontakt</i>

Dokument i saka:

1. [US 100/18 Språkutvikling og språkpolitiske retningslinjer for UiS](#)
2. [Høyringsutkast til språkpolitiske retningslinjer for UiS](#)
3. [Innkome høyringssvar](#)
4. Vedlegg: Forslag til nye språkpolitiske retningslinjer for UiS

Saka gjeld

Styret skal ta stilling til det framlagde forslaget til nye språkpolitiske retningslinjer ved UiS og føringar for å auke nynorskandelen som kjem fram i saksframlegget. I tillegg ber rektor styret om fullmakt til å sette saman eit rådgjevande organ i språkspørsmål og gje dette organet eit mandat.

Bakgrunn

Styret fekk i US 100/18 ei utgreiing om språkutviklinga ved UiS. Styret vedtok å sette ned ei arbeidsgruppe for å revidere dei gjeldande språkpolitiske retningslinjene for universitetet frå 2009. Arbeidsgruppa, leia av prodekan for utdanning Brita Strand Rangnes, utarbeidde eit høyringsutkast til reviderte retningslinjer for UiS. Retningslinjene gjeld bruken av både norsk og engelsk. Ved høyringsfristens utløp 15.06.2019 var det kome inn fire svar.

Rektors vurdering

Rektor har gått gjennom høyringssvara og vurdert desse nøye. Nokre av innspela er tatt inn i forslaget til nye språkpolitiske retningslinjer som styret no skal ta stilling til. Andre innspel er etter rektors meining av ein art som ikkje kan løysast gjennom UiS sin språkpolitikk.

I lova om målbruk i offentleg teneste heiter det at ingen av målformene skal vere representert med mindre enn 25 prosent i dei skriv som sentrale statsorgan lagar. Tal i US 100/18 viser at UiS ikkje oppfyller kravet i mållova om 25 prosent nynorsk. Rektor kan ikkje sjå seg nøgd med dette og meiner at UiS må ta strukturelle og kvalitetshevande grep internt for å auke nynorskandelen. Som statleg institusjon har Universitetet i Stavanger eit særskilt ansvar for å vareta nynorsk som kommunikasjonsspråk. Difor meiner rektor at det er naudsynt at alle einingane set språkpolitikken på dagsorden, både for å auke kjennskapen til regelverket og for å betre planleggings- og rapporteringsrutinar. Rektor meiner at ansvaret for å produsere tilfang på nynorsk i mykje større grad enn før må ligga hjå dei ulike einingane og leiarane for einingane.

Vidare meiner rektor at einingane sjølve må dekke eventuelle kostnadar til opplæring, korrektur og omsetting for å oppfylle krava om 25 prosent nynorsk, på same måten som at einingane dekker kostnadane når dei treng å få materiale omsett til engelsk eller til engelskopplæring. Rektor vil understreke at han vil følge nøye med i utviklinga for nynorsktala ved UiS i åra framover.

Forslag til vedtak:

1. Styret vedtar dei framlagde språkpolitiske retningslinjene for UiS og føringar i saksframlegget for å auke nynorskandelen, med eventuelle merknadar som kom fram i møtet.
2. Styret gjev rektor fullmakt til å sette saman eit rådgjevande organ i språkspørsmål og gje dette organet eit mandat.

V-sak US 78/19 Språkpolitiske retningslinjer for UiS

Saka gjeld

I denne saka skal styret ta stilling til det framlagde forslaget til nye språkpolitiske retningslinjer ved UiS og andre føringar for å auke nynorskandelen som dette saksframlegget tar opp. I tillegg ber rektor styret om fullmakt til å sette saman eit rådgjevande organ i språkspørsmål og gje dette organet eit mandat.

Bakgrunn

Styret fekk i US 100/18 ei utgreiing om språkutviklinga ved UiS. Styret vedtok å sette ned ei arbeidsgruppe for å revidere dei gjeldande språkpolitiske retningslinjene for universitetet frå 2009 (sjå styresaka i lenka i punkt 1 i dokumentoversikta over).

Arbeidsgruppa, beståande av prodekan for utdanning Brita Strand Rangnes, UH (leiar), førsteamanuensis Svein Erik Tuastad, SV, forskings- og innovasjonsdirektør Troels Gyde Jacobsen, strategi- og kommunikasjonsdirektør Anne Selnes og StOr-leiar Joachim Børлие (møtte for Cathrine J. Sønvisen), med rådgjevar Unni Berland frå Strategi- og kommunikasjonsavdelinga som sekretær, vart gjeve fylgjande mandat:

«Arbeidsgruppa har i oppgåve å utarbeide eit forslag til reviderte språkpolitiske retningslinjer ved Universitetet i Stavanger. Arbeidet skal byggja på UH-lova, lov om målbruk, nordisk rapport om parallellspråk (2017), andre nasjonale føringar, gjeldande språkpolitisk regelverk ved UiS og andre vedtekne språklege føringar internt.»

Høyringsutkast og innkomne høyringssvar

Arbeidsgruppa, som har hatt tre møte, var einig om å lage eit relativt kort utkast til nye språkpolitiske retningslinjer, som blei levert til universitetsdirektøren. Retningslinjene gjeld bruken av både norsk og engelsk. Universitetsdirektøren sende så utkastet på høyring 02.05.2019 til einingane internt og til StOr (sjå lenke i punkt 2 i dokumentoversikta over). Ved høyringsfristens utløp 15.06.2019 var det kome inn fire høyringssvar – høvesvis frå Det teknisk-naturvitskaplege fakultet, Det samfunnsvitskaplege fakultet, HR-avdelinga og strategi- og kommunikasjonsavdelinga. De kan lese svara i lenka i punkt 3 over.

Rektors vurdering

Rapporteringa til Språkrådet viser at UiS ikkje oppfyller kravet i mållova om 25 prosent nynorsk. Rektor kan ikkje sjå seg nøgd med dette og meiner at det må tas strukturelle og kvalitetshevande grep internt for å auke nynorskandelen. Som statleg institusjon har Universitetet i Stavanger eit særskilt ansvar for å ivareta nynorsk som kommunikasjonsspråk. Rektor meiner difor det er naudsynt at språkpolitikken blir sett på dagsorden i alle einingane internt, både for å auke kjennskapen til regelverk og for å betre rutinar for planlegging og rapportering.

Rektor meiner at ansvaret for å produsere tilfang på nynorsk i mykje større grad enn før må ligga hjå dei ulike einingane og leiarane for einingane. UiS må lage rutinar der einingane årleg rapporterer til Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt (AKS) om målform i skriftleg materiale dei har produsert i løpet av året. Desse tala vil danne grunnlag for den samla rapporten for UiS som AKS sender til Språkrådet.

Rektor har gått gjennom høyringssvara og vurdert desse nøye. Nokre av innspela er tatt inn i forslaget til nye retningslinjer som styret no skal ta stilling til (sjå punkt 4 over, lagt ved denne saka). Andre innspel er etter rektors meining av ein art som ikkje kan løysast gjennom UiS sin språkpolitikk.

Vidare meiner rektor at einingane sjølve må dekke eventuelle kostnadar til opplæring, korrektur og omsetting for å oppfylle krava om 25 prosent nynorsk, på same måten som einingane dekker kostnadane når dei treng å få materiale omsett til engelsk eller til engelskopplæring.

Rektor vil understreke at han vil følge nøye med i utviklinga for nynorsktala ved UiS i åra framover.

Rapportering til Språkrådet

UiS rapporterer kvart år om bruken av bokmål og nynorsk til Språkrådet, innanfor desse kategoriane:

1. Nettsider: Organet sin nettstad (her: www.uis.no). Ein skal søke på orda «ikkje» og «ikke» samt «frå» og «fra» for å kome fram til nynorskprosenten
2. Tekstar frå 1-10 sider
3. Tekstar over 10 sider
4. Skjema
5. Periodiske publikasjonar
6. Sosiale medium, særleg Facebook og Twitter
7. Opplæring

Språkrådet har definert kva universitetet skal rapportere på i kategoriane 2-7. Dette kjem fram under mellomtittelen «Leiaransvar» under.

Kommentarar til rapporteringskategoriar

Det er naudsynt å kommentere nokre av rapporteringskategoriane til Språkrådet. Ein av desse er www.uis.no. UiS hadde i fjor 11 prosent nynorsk på www.uis.no. I søk etter nynorskandel på denne nettstaden kjem ikkje tala for nynorsk på studentsidene, Arkeologisk museum, Læringsmiljøsentret og Lesesenteret fram, ettersom desse i dag har eigne nettstader. AKS må derfor rapportere separat til Språkrådet for desse fram til ny UiS-nettstad som inkluderer alle desse einingane, er på plass i løpet av 2020.

Til saman har UiS om lag 80 000 nettsider. Desse må me vurdere kritisk og truleg rydde opp i før me skal lansere ny nettstad. Målet er å redusere talet på nettsider monaleg. Det er mogleg å omsette noko av bokmålsteksten til nynorsk på eksisterande sider som me veit skal vere med over til ny nettstad, men det blir vanskeleg å auke nynorskandelen vesentleg før ny nettstad er i drift. Rektor er likevel oppteken av at einingane allereie no prioriterer å få nynorskbruken opp på nett.

UiS rapporterer òg tal for meldingar i sosiale medium på UiS sine offisielle konti. Språkrådet seier at rapportering særleg skal gjelde konti på Facebook og Twitter. Det vil UiS òg gjere i framtida. I 2018 var nynorskandelen 17,2 prosent på Facebook og 28,7 prosent på Twitter. Det vil vere eit mål å få minst 25 prosent nynorsk på den offisielle Facebook-kontoen til UiS i 2019. Nokre einingar internt har eigne konti i sosiale medium. Rektor meiner at einingar med eigne konti i sosiale medium skal ha ein nynorskandel på minst 25 prosent.

Leiarane for dei einskilde einingane ved UiS (dvs. dekanar og leiarane for fellesteneste-einingane) har ansvar for å sjå til at nynorskandelen ved eininga er i tråd med mållova.

Leiaransvar

Leiarane for dei einskilde einingane ved UiS (dvs. dekanar og leiarane for fellesteneste-einingane) har ansvar for følgande:

1. Å sjå til at dei språkpolitiske retningslinjene ved UiS, vedtekne av styret 24.09.2019, blir gjort kjende og følgde.
2. Å rapportere tal for nynorskandelen i rapporteringskategoriane under til AKS innan 31.12 kvart år, fyrste gong 31.12.2019.
 - a. *Nettsider*

Fram til ny nettstad er lansert vil UiS rapportere bruk av målform på www.uis.no studentsidene, Arkeologisk museum, Lesesenteret og Læringsmiljøsentret ved å søke på orda «ikkje» og «ikke» samt «frå» og «fra» på desse nettstadene. Dette er i tråd med instruksane frå Språkrådet. Det blir naudsynt å sjå nærare på korleis me vil kunne lage statistikk for nynorskutviklinga for den einskilde eininga etter lansering av ny nettstad. Dette vil me sjå nærare på i samarbeid med einingane.

- b. *Tekstar 1-10 sider*
I denne kategorien skal eininga rapportere andelen pressemeldingar, brosjyrar, annonser osv. på høvesvis nynorsk og bokmål.
 - c. *Tekstar over 10 sider*
I denne kategorien inngår rapportar, årsmeldingar, studiekatalogar osv. på høvesvis nynorsk og bokmål. Årsmeldinga for universitetet (rapport og planar) er allereie vedteke publisert på nynorsk. Dette vil få full effekt i rapporteringa for 2020, ettersom styret behandlar denne først i mars kvart år.
 - d. *Skjema*
Alle skjema skal ligge føre både på nynorsk og bokmål. I denne kategorien skal eininga rapportere talet på skjema som er produsert i løpet av året.
 - e. *Periodiske publikasjonar*
I denne kategorien skal eininga rapportere redaksjonelt stoff i periodiske publikasjonar på høvesvis bokmål og nynorsk.
 - f. *Sosiale medium*
I denne kategorien inngår andelen meldingar på høvesvis nynorsk og bokmål på dei offisielle UiS-kontiane på Facebook og Twitter. AKS vil rapportere desse tala til Språkrådet kvart år. Leiarane ved einingar med egne konti på sosiale medium skal sjå til at nynorskandelen i slike meldingar er på minst 25 prosent.
 - g. *Opplæring*
Einingane skal rapportere inn tal på tilsette som har fått opplæring i nynorsk i løpet av året og kva kurs dei har tatt.
3. Einingane må sjølve dekke eventuelle kostnadar til opplæring, korrektur og omsetting for å oppfylle krava om 25 prosent nynorsk, på same måten som at einingane dekker kostnadane når dei treng å få materiale omsett til engelsk eller til engelskopplæring.

AKS får ansvar for å utarbeide skjema til bruk i den interne rapporteringa. Desse dannar grunnlaget for den samla rapporten for UiS som AKS sender til Språkrådet i januar kvart år.

Rådgjevande organ

I dei språkpolitiske retningslinjene for Universitetet i Stavanger heiter det at UiS skal ha eit rådgjevande organ i språkspørsmål. Rektor vil tilrå at styret gir han fullmakt til å sette saman eit slikt organ og gje dette organet eit mandat.

Forslag til vedtak:

1. Styret vedtar dei framlagde språkpolitiske retningslinjene for UiS og føringar i saksframlegget for å auke nynorskandelen, med eventuelle merknadar som kom fram i møtet.
2. Styret gjev rektor fullmakt til å sette saman eit rådgjevande organ i språkspørsmål og gje dette organet eit mandat.

Stavanger, 5. september 2019

Klaus Mohn
rektor

Saksbehandler: Unni Berland, rådgjevar avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar

FORSLAG TIL: Språkpolitiske retningslinjer for Universitetet i Stavanger

Innleiing

Som kulturberar og samfunnsinstitusjon har Universitetet i Stavanger eit særskilt ansvar for det norske språket. Måten vi på universitetet bruker språket på, får ringverknader i samfunnet. Særleg gjeld det for det norske fagspråket. Eit forståeleg og presist fagspråk kan bidra til eit meir opplyst og kunnskapsbasert offentleg ordskifte. Når fleire skjønar og kan ta i bruk aktuelle fagtermar, viskar det ut skilja mellom lek og lærd, og det styrkar demokratiet.

Språkbruken ved universitetet har ei institusjonell og ei individuell side. Institusjonelt er fagomgrepa med på å skape fagleg identitet. Eit godt og presist språk på universitetet er ein føresetnad for å levere forskning og undervisning av høg kvalitet.

På individnivå har universiteta eit ansvar for å gi studentane eit språk som ikkje berre integrerer dei i faget sitt, men som òg gjer dei klare for å delta i arbeidslivet og som gode medborgarar. Gjennom å tileigne seg nye omgrep utvidar studenten horisonten for forståing.

Universitetet står i eit språkleg spenn. Tilsette og studentar deltar internasjonalt i den vitskaplege fellesskapen, som ofte er engelskspråkleg. Samstundes skal eit norsk fagspråk haldast oppe og utviklast. Utfordringa ligg i å ivareta både den nasjonale og internasjonale fellesskapen på same tid.

Språkpolitikken til UiS skal spegle at vi både er ein internasjonal studiestad og arbeidsplass, samstundes som vi har ei regional og nasjonal tilhøyrse. UiS skal syte for at studentar og tilsette blir møtt med informasjon på begge målformer i ekstern og intern kommunikasjon. Dei språklege retningslinjene skal bidra til å gjere universitetet til ein god arbeidsplass og studiestad og legge til rette for eit klart og forståeleg språk utan å senke den faglege presisjonen.

Overordna prinsipp

- Norsk er hovudspråket ved UiS. Det omfattar både bokmål og nynorsk. Bruken av nynorsk ved UiS skal vere i tråd med [krava i mållova](#).
- All utoverretta kommunikasjon frå UiS skal legge vinn på å følge [klarspråknormen](#), forstått slik: *Klarspråk er kommunikasjon med så tydelig ordlyd, struktur og visuell utforming at leserne i målgruppen finner informasjonen de trenger, forstår den og kan bruke den.*
- Både vitskaplege og administrative fagmiljø nyttar engelsk der det er nødvendig eller formålstenleg.
- UiS skal legge til rette for at tilsette og studentar får utvikle høg kompetanse i norsk og engelsk.
- Kravet om at fast tilsette med ikkje-skandinavisk språkbakgrunn skal lære seg norsk innan den perioden som er avtalt ved tilsetting, skal følgast systematisk opp.
- UiS skal ha tilbod om formell og uformell norskopplæring for tilsette med ikkje-skandinavisk bakgrunn.
- UiS skal ha eit rådgivande organ i språkspørsmål.

Undervisning

- Som hovudregel er norsk undervisningsspråket på bachelornivå med unntak av emne som inngår i utveksling.

- Studieprogram på masternivå kan haldast heilt eller delvis på engelsk.
- På ph.d.-nivå kan undervisninga haldast heilt eller delvis på engelsk.
- Institutt og einingar har ansvar for å kvalitetssikre språkkompetansen hos lærarane ved tildeling av undervisningsoppgåver. Tilsette som underviser på engelsk kan påleggast å auke engelskkompetansen.

Forsking

- Ph.d.-avhandlingar kan skrivast på engelsk eller eit skandinavisk språk, men skal ha eit samandrag på det av språka som avhandlinga ikkje er skriven på.
- Det er opp til den einskilde forskaren å velje språk i vitskapelege publikasjonar.

Formidling og samfunnskontakt

- Forskingsformidling bør skje på det språket som er mest formålstenleg for dei aktuelle målgruppene.
- Universitetet skal oppmode til og syte for gode insentivordningar for å stimulere til formidling på norsk for å nå ut til eit breitt publikum.
- Minst 25 prosent av den norskspråklege offisielle informasjonen skal vere på nynorsk.

Administrasjon og informasjon

- Administrasjonsspråket ved UiS er norsk.
- Tilsette ved universitetet skal følge føresegnene i mållova om bruk av dei norske målformene.
- Alle som vender seg til UiS skal få svar i den målforma dei sjølve har nytta i skrivet til UiS.
- Alle skjema skal vere tilgjengelege på begge målformer.
- Alle eksamensoppgåver skal vere tilgjengelege på begge målformer.
- Det skal fortløpande vurderast om informasjon skal gjerast tilgjengeleg på engelsk.
- Britisk engelsk skal nyttast som standard i all offisiell informasjon frå UiS.
- Ved behov kan administrativt tilsette påleggast å auke engelskkompetansen.

Ordningar for å oppfylle dei språkpolitiske retningslinjene

- Arbeids- og undervisningsspråka er norsk og engelsk. Tilsette som ikkje meistrar norsk eller eit anna skandinavisk språk, må tileigne seg norskkunnskap tilsvarande nivå B2 innan ein periode på tre år frå tiltreding. Om nødvendig vil det bli gitt tilbod om norskkurs betalt av universitetet.
- For tilsette som treng det, skal UiS tilby ordningar for språkvask som sikrar den språklege kvaliteten på tekstar skrivne på engelsk og norsk.
- UiS skal i tillegg til formelle kurs tilby uformelle opplæringsarenaer der samtalespråket er norsk.
- Tilsette ved UiS skal kunne få tilbod om nynorskkurs.

Vedteke av UiS-styret 24.09.2019